



Arkivsak

26/00291-3

Sakshandsamar

Ole Martin Haukland

Saksgang

Hovedutvalg for samferdsel

Møtedato

27.05.2026

Portefølje investeringsprosjekter for fylkesveg 1. tertial 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Porteføljen for investeringsprosjekt på fylkesveg blir vedteken slik det går fram av vedlegget, med desse endringane og med atterhald om endringar i 1. tertialbehandlinga i fylkestinget:

1.	Fv. 3430 Sauland sentrum – Gamle Tuddalsveg blir teken ut av porteføljen
2.	Fv. 37 Krossen – Austbø blir teken ut av porteføljen
3.	Støytiltak etter forurensningsforskriften blir redusert med 3,2 mill. kr til ny årsprognose på 0,8 mill.kr
4.	Fv. 364 Mæle bru-Fosso skule A del 2 blir teken inn i porteføljen med en totalramme på 8,8 mill.kr
5.	Fv. 3430 Hyttun-Moen A del 2 blir teken inn i porteføljen med en totalramme på 19,6 mill. kr
6.	Fv. 37 Kirkevold bru får auka ramma med 17,5 mill.kr til ny totalramme på 35,0 mill.kr
7.	Fv. 3310 Drangedalsvegen får auka ramma med 14,7 mill.kr til ny totalramme på 47,0 mill.kr.

Bakgrunn og saksgang

Fylkestinget vedtok handlings- og økonomiplan 2026–2029 i møte 10. desember 2025. Nye investeringsprosjekt over 50,0 mill. kr blir vedtekne av fylkestinget. Denne saka gjeld justeringar i 1. tertial knytte til budsjettposten «Investeringsprosjekt fylkesveg», som omfattar mindre investeringsprosjekt under 50,0 mill. kr.

Saksopplysningar

Vedlagt saka er oversikt over alle fylkesveginvesteringane. I saka er dei fordelt over fem delporteføljor slik:

1. Prosjekt over 50 mill.kr
2. Oppgraderingsprosjekt
3. Bruprosjekt
4. Øvrig fylkesveg
5. Programområde

Inndelinga i delporteføljor er gjort for å gi betre oversikt. Hovudutvalet har fått delegert mynde til å fordele midlar mellom prosjekt i delportefølje 2–5 og på tvers av delporteføljane. Delportefølje 1 består av prosjekt over 50,0 mill. kr, og hovudutval for samferdsel har ikkje mynde til å gjere vedtak knytte til desse prosjekta.

Kommentar til enkeltprosjekt i porteføljen:

Fv. 3430 Sauland sentrum – Gamle Tuddalsveg

Reguleringsplan for strekningen blei lagd fram for kommunal handsaming i kommunestyret i Hjartdal 4. februar 2026.

Kommunestyret i Hjartdal vedtok då følgjande:

«Detaljregulering for Gs-veg langs Tuddalsvegen – frå Saulandsvegen til Gamle Tuddalsveg – fv 3430 vert ikkje vedteken og planarbeidet vert avslutta. Planforslaget slik det no ligg føre har for store verknader for enkelt eigendomar langs GS-vegen.»

Prosjektet blir difor avslutta.

Fv. 37 Krossen – Austbø

Prosjektet er meint å etablere 1,7 km gang- og sykkelveg frå Krossen til Austbø i Vinje kommune. Vinje kommune utarbeidde og ferdigbehandla reguleringsplan i 2023. Etter ei gjennomgang av reguleringsplanen og prosjekteringsgrunnlaget er kostnadene berekna til 103,0 mill. kr, mot 31,0 mill. kr som er sett av i handlings- og økonomiplanen. Med den kostnadsauken som no ligg føre, blir det foreslått å ta prosjektet ut av investeringsporteføljen.

Fv. 38 Dalen–Åmot

Det er tidlegare utarbeidd eit enkelt forprosjekt med vurdering og prioritering av strekningar med tanke på vidare detaljregulering. I forprosjektet vert det føreslått planlegging av to parsellar, og reguleringsplanlegginga er planlagd gjennomført i perioden 2026–2027. Totalramma for prosjektet er 10,5 mill. kr, inkludert tilskot frå Tokke kommune på 3,5 mill.kr. Det er budsjettert med 3,0 mill. kr til prosjektet i 2026.

Fv. 3334 Hågåbergja – Eikavegen

Prosjektet skulle starte reguleringsplanarbeid for 1 km med fortau/gs-veg frå Hågåbergja til Eikavegen på fv. 3334 i Midt-Telemark kommune. Prosjektet vart vedteke teke ut av investeringsporteføljen i sak 1/26 i Hovudutvalg for samferdsel. Midlane vert omfordelte til fv. 37 Kirkevoll bru.

Fv. 37 Dale – Miland

Prosjektet gjaldt opphavleg breddeutviding av fv. 37 frå Dale til Miland i Tinn kommune, ei strekning på 5500 meter. Bakgrunnen er fleire ulukker med tunge køyretøy som velter på grunn av smal veg.

I forprosjektet vart desse alternativa vurderte for vidare arbeid:

- Breiddeutviding til 7,0–7,5 meter på heile strekninga, for å oppnå einsarta standard på fv. 37 frå Rjukan til Gransherad.
- Breiddeutviding av dei smalaste områda (ca. 2 km), der det har vore flest velt av store køyretøy.
- Breiddeutviding til minst 6 meter asfaltert veg (gul midtstripe) på heile strekninga.

Reguleringsplanarbeidet vart varsla oppstart 25. januar 2025, og kostnadsoverslaget etter Anslagmetoden låg føre i desember 2025. Tilrådd kostnadsramme etter Anslag er 85 mill. kr. (inkl. LPS fram til 2028). Sidan budsjetttramma berre er på 39 mill. kr, vart det sett i gang arbeid for å finne mogleg kostnadsreduksjonar.

Fv. 37 Kirkevold bru

Prosjektet omfattar forsterking av to pilarar på grunn av feil i konstruksjonen under bygginga. Skadane har ført til redusert bereevne. Det er gjennomført mellombels tiltak ved å frese asfalt og membran for å redusere totalvekta på brua. Etter at forsterkingstiltaka er gjennomførte, vil bereevna oppfylle krava til Bk 10/60.

Arbeidet er i gang og vil halde fram til 2027. Det er knytt stor uvisse til kostnadene i prosjektet. Ny førebels totalramme er 35,0 mill. kr, og prognosen for 2026 er 32,0 mill. kr.

Fv. 351 Tangen – Stabbestad

Prosjektet gjeld i hovudsak utbetring og oppgradering av eksisterande fylkesveg etter nyoppretta gs-veg ved Lønne i Sannidal til avkøyring Kragerø Resort. Standarden på fylkesvegen er generelt dårleg, med fleire problemstrekningar. Kommuneplanen for Kragerø kommune 2018–2030 har sett av fleire delområde til utbygging.

Vedtatt totalramme for prosjektet er 18,0 mill. kr, og det er budsjetttert med 2,0 mill. kr i 2026.

Fv. 3310 Drangedalsvegen

Fv. 3310 Drangedalsvegen går over 35 km, frå Drangedal i Drangedal kommune til Lunde i Nome kommune. Strekninga skil seg frå tilstøytande etappar på fv. 3310 med vesentleg dårlegare standard. Nesten heile etappen har dårleg bereevne, store sprekkar og krakelering, og vegen er fleire stader smal og svingete. Vedteken ramme for prosjektet er på 32,3 mill. kr. Arbeid med grunnundersøkingar og detaljprosjektering er i gang i 2026, og planlagt byggetid er 2026–28. Det blir foreslått å auke ramma til 47,0 mill. kr. Dette vil bidra til å sikre ein meir gjennomgåande standard på fv. 3310.

Støytiltak etter forurensningsforskriften

Prosjektet skal ta vare på støyutsette bustader langs fylkesvegar i Telemark. Krava er heimla i forureiningsforskrifta og er ikkje knytte til spesifikke vegprosjekt i dagens portefølje. Prosjektet får tildelt årlege middel. Prognosen for 2026 er 0,8 mill. kr.

Fv. 3430 Hyttun – Moen A del 2

Prosjektet vart teke ut i 1. tertial 2025 for å finansierer fv. 37 Maristigen. Prosjektet blir no foreslått teke inn att.

Fv. 364 Mæle bru – Fosso skule A del 2

Prosjektet vart teke ut i 1. tertial 2025 for å finansiere fv. 37 Maristigen. Prosjektet blir no foreslått teke inn att.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

God planlegging og styring av investeringsporteføljen på fylkesveg er avgjerande for å utnytte investeringsbudsjettet best mogleg. Investeringsporteføljen følgjer opp dei til kvar tid gjeldande politiske vedtaka. Totalramma for budsjettposten «Investering fylkesveg» blir ikkje endra som følge av omdisponeringane som er foreslåtte under. Endringar innanfor budsjettposten «Investering fylkesveg» har hovudutval for samferdsel fått delegert mynde til å gjere.

Forslag til endringar i 1. tertial.

Tal i tusen

Midler til fordeling i 1.tertial 2026	
Rest merket "Investering fylkesveg" i Høp 2026-2029	5 800
Fv. 3330 Hågåbergja-Eikavegen	6 000
Fv. 3430 Sauland sentrum - Gamle Tuddalsveg	25 000
Fv. 450 Eidsborgkleivane*	10 000
Fv. 37 Krossen – Austbø	30 600
Støytiltak etter forurensingsforskriften	3 200
Sum midler til fordeling	80 600

*Fv. 450 Eidsborgkleivane er eit hovudprosjekt. Hovedutvalg for samferdsel har ikkje fått delegert mynde til å omdisponere midler frå dette prosjektet. I 1. tertial til fylkestinget foreslår fylkesdirektøren å omdisponere 10,0 mill. kr frå fv. 450 Eidsborgkleivane til Investering fylkesveg. Difor er midlane teke med her.

Tal i tusen

Prosjekter med foreslått økt ramme i 1.tertial 2026	Økt ramme	Ny totalramme
Fv. 364 Mæle bru-Fosso skule A del 2	8 800	8 800
Fv. 3430 Hyttun-Moen A del 2	19 600	19 600
Fv 37 Kirkevold bru	17 500	35 000
Fv. 3310 Drangedalsvegen	14 700	47 000
Sum	60 600	

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Det er viktig at vegbygging gjennomførast i tråd med FNs bærekraftsmål. All vegutbygging, anten det er for bil, kollektivtrafikk eller mjuke trafikantar, medfører betydeleg klimagassutslepp. Det medfører også miljøpåverknad på land og i vatn, og for oss menneske. I kvart enkelt prosjekt vil det bli søkt å redusere klimagassutsleppa og miljøpåverknaden i

størst mogleg grad, innanfor tilgjengelege kostnadsrammer. Ein godt planlagt og gjennomført investeringsportefølje er avgjerande for å oppnå FN sitt bærekraftsmål.

Fylkesdirektørens vurdering

Det er eit betydelig behov for oppgradering og vedlikehald av fylkesvegnettet, samstundes som fleire prosjekt har auka kostnader undervegs i prosjektperioden. Dette legg press på investeringsbudsjettet, og gjer det nødvendig med stramme prioriteringar.

Vurdering av enkeltprosjekt i porteføljen:

Fv. 364 Mæle bru – Fosso skule A del 2 og fv. 3430 Hyttun – Moen A del 2

Begge desse prosjekta høyrer til kategorien oppgraderingsprosjekt. Dei vart tekne ut av porteføljen i 1. tertial 2025 for å finansiere prosjektet fv. 37 Maristigen. Når det no er ledige midlar tilgjengelege i 1. tertial 2026, meiner fylkesdirektøren at det er rett å ta desse to prosjekta inn att.

Fv. 37 Dale – Miland

Dei største utfordringane ligg i 80-sona frå profil 3290 til Miland (ca. 2200 meter). Ved å prioritere denne strekninga, blir dei mest kritiske problema lyste, samstundes som ein held seg innanfor budsjetttramma på 39,0 mill. kr. Frå Øverland til 80-sona er det smalt, men her er fartsgrensa 60 km/t, noko som reduserer risikoen og konsekvensane ved velt. For å halde kostnadene innanfor 39,0 mill. kr, foreslår prosjektet å byggje strekninga frå Miland og inn mot starten av 60-sona – ein lengd på om lag 2200 meter.

På den første delen av strekninga, frå Dale til Øverland, er dagens vegbreidd mellom 6,1 og 7,0 meter, med fartsgrense 60 km/t. Det er konflikt mellom eksisterande g/s-veg og planlagt breiddeutviding på delar av denne strekninga. For å unngå desse konfliktane, vert det foreslått at reguleringsplanen berre skal omfatte 4100 meter frå Øverland til Miland. Dette vil gi ei innsparing på om lag 23,0 mill. kr, basert på Anslag-tala.

Fv. 37 Krossen – Austbø

Ein reguleringsplan skal først og fremst sikre nok areal og rettar til vegen og sideområda til vegen, slik at funksjonen til vegen blir oppretthalden gjennom heile levetida til vegen. Gjeldande reguleringsplan er ikkje tilstrekkeleg til å sikre grunnerverv, fysisk plass til gjennomføring, nødvendige sikringstiltak og framtidig vedlikehald på ein tilfredsstillande måte. Gjeldande plan er ikkje gjennomførbar utan endringar. Konklusjonen tyder på at det kan vere nødvendig med ei omregulering for å løyse problema. Med ny berekna kostnadsramme på 103,0 mill. kr meiner fylkesdirektøren at det er rett å ta prosjektet ut av porteføljen.

Fv. 37 Kirkevold bru

Det har oppstått fleire uventa hendingar i prosjektet som har ført til eit betydeleg kostnadspådrag samanlikna med det opphavlege estimatet. Det auka kostnadspådraget er i all hovudsak tredelt, der kostnadene dels knyter seg til:

1. vanskeleggjord tilkomst til pilar I (behov for større oppdemming enn opphavleg lagt til grunn før arbeida kunne starte på grunn av sterk straum / vanskelege straumforhold),
2. dels til eit vesentleg større behov for utgraving av massar rundt pilarane før sjølve arbeidet med pilarane kunne setjast i gang (ein auke på over 8 000 % frå opphavleg prosjektering), og
3. at pilar I var i vesentleg dårlegare stand enn opphavleg føresett (omfanget her er framleis ikkje endeleg avklart).

Desse tre forholda ligg innanfor vår risikوسفære og er difor forhold byggherren er ansvarleg for. Entreprenøren vil difor ha krav på dekning av dokumenterte kostnader og lengre tid til utføring.

Bruer er ein kritiske konstruksjonar, og det er særleg viktig at vi sikre ferdsel på fylkeskommunale bruer. Ramma for prosjektet blir auka for å sikre framdrift og vidare arbeid. Det knyter seg framleis stor uvisse til kostnadene, og fylkesdirektøren vil kome attende med status i 2. tertial.

Samla vurdering

Det knyter seg stor uvisse, særleg til Kirkevold bru, og då er det viktig at vi klarer å omstille personell og ressursar slik at vi kan handterer dette. Prosjekt som viser seg å ha ei kostnadsramme langt over det som er sett av i handlings- og økonomiplanen, som til dømes fv. 37 Krossen - Austbø, bør vurderast på nytt i høve til kost/nytte. Fylkesdirektøren meiner det ikkje kan forsvarast å bruke opp mot 103,0 mill. kr på ein ny g/s-veg, med det etterslepet vi har på dagens fylkesvegnett med tilhøyrande konstruksjonar. På denne bakgrunnen meiner fylkesdirektøren at dei justeringane som blir foreslått i 1. tertial, er riktige for å sikre ei god forvaltning av det fylkeskommunale vegnettet, med dei økonomiske ressursane vi har til rådvelde.

Vedlegg:

Vedlegg T1 porteføljen